


NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK



# ENERGISTATISTIKK 1987

ENERGY STATISTICS 1987

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK B 798



# **ENERGISTATISTIKK**

**1987**

**ENERGY STATISTICS**

**1987**

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO—KONGSVINGER 1988

ISBN 82-537-2693-7  
ISSN 0333-371X

EMNEGRUPPE

42 Oljeutvinning, bergverk, industri og kraftforsyning

ANDRE EMNEORD

Elektrisitet

Kull, koks

Naturgass

Petroleumsprodukter

Råolje

## FORORD

Energistatistikk 1987 inneheld eit utval av den energistatistikken som er tilgjengeleg. Dei fleste tala er tidlegare offentleggjorde i andre publikasjonar som Statistisk sentralbyrå har gitt ut (m.a. Statistisk ukehefte, Statistisk månedshefte, NOS Elektrisitetstatistikk, NOS Industristatistikk og NOS Utenrikshandel). Fordi statistikken er spreidd på så mange publikasjonar, krev det mykje tid for dei som er interesserte å få oversikt utan å ha ein slik samlepublikasjon.

Publikasjonen inneheld tal for totalt energiforbruk framstilt i form av energivare- og energibalansar, energirekneskapar, hovudtall for elektrisitet, råolje, naturgass, petroleumsprodukt, kol og koks. Vi har også teke med statistikk over prisar og prisendringar på dei ulike energiberarane, produksjonsindeksar for industrien og temperaturoppgåver. Dette er opplysningar som ofte blir nytta til å studere utviklinga i energiforbruket.

Tala i tabell 33 er utarbeidde av Norsk petroleumsinstitutt. I tabell 35 byggjer tala på oppgåver fra Meteorologisk institutt.

Konsulent Anne Grete Furuset har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk sentralbyrå, Oslo, 14. oktober 1988

Gisle Skancke

---

Frank Foy

## PREFACE

Energy Statistics 1987 contains a collection of energy statistics. Most of the figures have been presented in other publications issued by the Central Bureau of Statistics (a.o. Weekly Bulletin of Statistics, Monthly Bulletin of Statistics, NOS Electricity Statistics, NOS Manufacturing Statistics and NOS External Trade). Without this particular publication, however, it would have been rather difficult to obtain a general view of the energy sector.

The publication contains data on total energy consumption, electricity, crude oil, natural gas, petroleum products, coal and coke, prices and changes in prices of different forms of energy. Tables from other statistical fields are also included, for instance indices of production and data on temperature.

The figures in table 33 have been prepared by the Norwegian Petroleum Institute, those in table 35 by Meteorological Institute.

Ms. Anne Grete Furuset has prepared the publication.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 14 October 1988

Gisle Skancke

---

Frank Foyen

## INNHALD

	Side
Figurregister .....	7
Tabellregister .....	8
Kapitler	
1. Energi - samla oversikt .....	11
2. Elektrisitet .....	43
3. Råolje, naturgass, petroleumsprodukt, kol og koks .....	56
4. Prisar og annan statistikk .....	71
Vedlegg	
1. Einingar og prefiks .....	83
2. Gjennomsnittleg teoretisk energiinnhald for utvalde energiberarar og Eigenvekter for utvalde petroleumsprodukt .....	85
3. Bruksverknadsgradar for ulike energiberarar og bruksområde .....	87
Utkomne publikasjonar	
Tidlegare utkome på emneområdet .....	88
Publikasjonar sende ut frå Statistisk sentralbyrå etter 1. januar 1988. Emneinndelt oversikt .....	89
Standardar for norsk statistikk (SNS) .....	95

## Standardteikn i tabellar

- . Tal er umogleg (ulogisk)
- .. Oppgåve manglar
- ... Oppgåve manglar førebels
- : Tal kan ikkje offentleggjerast
- Null
- 0 Mindre enn 0,5 av den brukte eininga
- \* Førebels tal
- Brot i den loddrette serien
- | Brot i den vassrette serien
- r Retta sidan førre utgåva

## CONTENTS

	Page
Index of figures .....	9
Index of tables .....	10
<b>Chapters</b>	
1. Energy - total survey .....	22
2. Electricity .....	45
3. Crude oil, natural gas, petroleum products, coal and coke .....	58
4. Prices and other statistics .....	72
<b>Annexes</b>	
1. Units and prefixes .....	83
2. Estimated average energy content of selected fuels and Specific weights of selected petroleum products .....	85
3. Estimated thermal efficiency coefficients of different energy sources and consumer groups .....	87
<b>Publications</b>	
Previously issued on the subject .....	88
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 January 1988. Survey arranged by subject matter .....	89
Standards for Norwegian Statistics (SNS) .....	95

## Explanation of Symbols in Tables

- . Category not applicable
- .. Data not available
- ... Data not yet available
- : Not for publication
- Nil
- 0 Less than 0.5 of unit employed
- \* Provisional or preliminary figure
- Break in the homogeneity of a vertical series
- | Break in the homogeneity of a horizontal series
- r Revised since the previous issue

## FIGURREGISTER

	Side
1. Energi - samla oversikt	
1. Netto sluttforbruk av utvalde energibærere. 1979 - 1986. 1976 = 100 .....	34
2. Totalt energiforbruk. 1979 - 1986 .....	35
3. Energibærere sin del av det totale energiforbruket. Prosent. 1978 og 1986 .....	36
4. Totalt energiforbruk etter brukargruppe. Prosent. 1978 og 1986 .....	37
2. Elektrisitet	
5. Nettoforbruk av fastkraft. 1975 - 1987. GWh .....	49
6. Tilgang på og forbruk av elektrisk kraft. 1. kvartal 1986 - 1. kvartal 1988. GWh .....	52
4. Prisar og annan statistikk	
7. Konsumprisindeksen i alt og delindeksar for utvalde energibærere. 1975 - 1987. 1979 = 100 .....	74
8. Gjennomsnittspris på elektrisk kraft i ulike forbrukargrupper. 1973 - 1986. 1979 = 100	75
9. Talet på graddagar. 1973 - 1987 .....	82



## TABELLREGISTER

## 1. Energi - samla oversikt

Side

Energibalansar

1. Energivarebalanse for Noreg. 1986 .....	26
2. Energibalanse for Noreg. 1986. Petajoule .....	28
3. Energivarebalanse for Noreg. 1987. Førebels tal .....	30
4. Energibalanse for Noreg. 1987. Førebels tal. Petajoule .....	32
5. Netto sluttforbruk av energiberarar. 1978 - 1987 .....	34
6. Totalt energiforbruk. 1978 - 1987. Petajoule .....	35

Energirekneskap

7. Energirekneskap. Reserverekneskap. 1986 og 1987 .....	38
8. Energirekneskap. Magasinrekneskap. 1980 - 1987. TWh .....	39
9. Energirekneskap. Utvinning, omforming og bruk av energivarer. 1986 .....	40
10. Energirekneskap. Utvinning, omforming og direkte bruk av energi. 1986. Petajoule ...	42

## 2. Elektrisitet

11. Hovudtal for elektrisitetssektoren. 1980 - 1986 .....	47
12. Produksjon, import, eksport og forbruk av elektrisk kraft. 1980 - 1986. GWh .....	48
13. Kvartalsvise elektrisitetsbalansar. 1. kvartal 1986 - 1. kvartal 1988. GWh .....	50
14. Produksjon av elektrisk kraft. Fylke. 1980 - 1987. GWh .....	53
15. Nettoforbruk av elektrisk kraft, etter forbrukargruppe. Fylke. 1986. GWh .....	54
16. Fjernvarme. Hovudtal. 1984, 1985 og 1986 .....	55
17. Forbruk av brensel mv. til produksjon av fjernvarme. 1984, 1985 og 1986. TJ .....	55

## 3. Råolje, naturgass, petroleumsprodukt, kol og koks

18. Hovudtal for næringane Utvinning av råolje og naturgass, Raffinering av råolje og Detaljhandel med bensin og smøreoljer. 1979 - 1986 .....	59
19. Produksjon av råolje etter felt. 1 000 tonn. 1971 - september 1988 .....	60
20. Produksjon av naturgass etter felt. Mill.Sm <sup>3</sup> . 1977 - september 1988 .....	61
21. Import og eksport av råolje og naturgass. 1970 - 3. kvartal 1988 .....	62
22. Import og eksport av utvalde petroleumsprodukt. 1979 - 1987. 1 000 tonn .....	63
23. Produksjon av utvalde petroleumsprodukt. 1979 - 1987. 1 000 tonn .....	64
24. Sal av utvalde petroleumsprodukt, etter kjøpargruppe. 1986 og 1987. Mill. liter .....	65
25. Sal av utvalde petroleumsprodukt. 1978 - 1. halvår 1988. Mill. liter .....	66
26. Sal av utvalde petroleumsprodukt. Fylke. 1986 og 1987. Mill. liter .....	68
27. Produksjon av kol og koks. 1970 - 1987. 1 000 tonn .....	70
28. Import og eksport av kol og koks. 1970 - 1987. 1 000 tonn .....	70

## 4. Prisar og annan statistikk

29. Konsumprisindeksen i alt og delindeksar for elektrisk kraft og andre energiberarar. 1970 - juni 1988. 1979 = 100 .....	73
30. Gjennomsnittsprisar på elektrisk kraft i ulike forbrukargrupper. 1970 - 1986 .....	76
31. Gjennomsnittsprisar på elektrisk kraft til hushald og jordbruk. Fylke. 1985 og 1986 .	77
32. Prisar på råolje etter felt. 1980 - juni 1988. USD/fat .....	78
33. Gjennomsnittlege listeprisar på utvalde petroleumsprodukt. Utan og med avgifter. 1979 - 1. halvår 1988 .....	79
34. Produksjonsindeks for oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning. 1976 - juni 1988. 1980 = 100 .....	80
35. Talet på graddagar. 1970 - 2. kvartal 1988 .....	81

## INDEX OF FIGURES

	Page
1. Energy - total survey	
1. Final consumption of selected forms of energy. 1979 - 1986. 1976 = 100 .....	34
2. Total consumption of energy. 1979 - 1986 .....	35
3. Total consumption of energy by form of energy. Per cent. 1978 and 1986 .....	36
4. Total consumption of energy by consumer group. Per cent. 1978 and 1986 .....	37
2. Electricity	
5. Net consumption of firm power. 1975 - 1987. GWh .....	49
6. Supply and consumption of electricity. 1st quarter 1986 - 1st quarter 1988. GWh .....	52
4. Prices and other statistics	
7. Consumer price index. Total numbers and subindices for electricity and other forms of energy. 1975 - 1987. 1979 = 100 .....	74
8. Average price of electricity in different consumer groups. 1973 - 1986. 1979 = 100 ....	75
9. Number of degree days. 1973 - 1987 .....	82

## INDEX OF TABLES

1. Energy - total survey	Page
<u>Energy balances</u>	
1. Balance sheet of individual forms of energy for Norway. 1986 .....	26
2. Overall energy balances for Norway. 1986. Petajoule .....	28
3. Balance sheet of individual forms of energy for Norway. 1987. Preliminary figures ....	30
4. Overall energy balances for Norway. 1987. Preliminary figures. Petajoule .....	32
5. Final consumption of individual forms of energy. 1978 - 1987 .....	34
6. Total consumption of energy. 1978 - 1987. Petajoule .....	35
<u>Energy accounts</u>	
7. Energy accounts. Reserve accounts for energy. 1986 and 1987 .....	38
8. Energy accounts. Accounts of regulation reservoirs. 1980 - 1987. TWh .....	39
9. Energy accounts. Extraction, conversion and use of energy goods. 1986 .....	40
10. Energy accounts. Extraction, conversion and direct use of energy. 1986. Petajoule ...	42
2. Electricity	
11. Principal figures for the electricity sector. 1980 - 1986 .....	47
12. Production, imports, exports and consumption of electricity. 1980 - 1986. GWh .....	48
13. Electricity balances. 1st quarter 1986 - 1st quarter 1988. GWh .....	50
14. Production of electricity. County. 1980 - 1987. GWh .....	53
15. Net consumption of electricity, by consumer group. County. 1986. GWh .....	54
16. District heating. Principal figures. 1984, 1985 and 1986 .....	55
17. Consumption of fuels etc. for production of district heating. 1984, 1985 and 1986. TJ	55
3. Crude oil, natural gas, petroleum products, coal and coke	
18. Principal figures for the sectors Crude oil and natural gas production, Refining of crude oil and Retailing of gasoline and lubricating oils. 1979 - 1986 .....	59
19. Crude oil production by field. 1 000 tonnes. 1971 - September 1988 .....	60
20. Natural gas production by field. Mill.Sm <sup>3</sup> . 1977 - September 1988 .....	61
21. Imports and exports of crude oil and natural gas. 1970 - 3rd quarter 1988 .....	62
22. Imports and exports of selected petroleum products. 1979 - 1987. 1 000 tonnes .....	63
23. Production of selected petroleum products. 1979 - 1987. 1 000 tonnes .....	64
24. Deliveries of selected petroleum products, by group of purchasers. 1986 and 1987. Mill. litres .....	65
25. Deliveries of selected petroleum products. 1978 - June 1988. Mill. litres .....	66
26. Deliveries of selected petroleum products. County. 1986 and 1987. Mill. litres .....	68
27. Production of coal and coke. 1970 - 1987. 1 000 tonnes .....	70
28. Imports and exports of coal and coke. 1970 - 1987. 1 000 tonnes .....	70
4. Prices and other statistics	
29. Consumer price index. Total index numbers and subindices for electricity and other forms of energy. 1970 - June 1988. 1979 = 100 .....	73
30. Average prices of electricity in different consumer groups. 1970 - 1986 .....	76
31. Average prices of electricity delivered to households and agriculture. County. 1985 and 1986 .....	77
32. Crude oil prices by field. 1980 - June 1988. USD/barrel .....	78
33. Average list prices of selected petroleum products. Exclusive and inclusive of taxes. 1979 - June 1988 .....	79
34. Index of industrial production. 1976 - June 1988. 1980 = 100 .....	80
35. Number of degree days. 1970 - 2nd quarter 1988 .....	81

## 1. ENERGI - SAMLA OVERSIKT

### 1.1. Innleiing

For å gi ei samla oversikt over forsyning og forbruk av energi, blir det utarbeidd energivarebalansar og energibalansar. Slike balansar kan vi stille opp på ei rekkje ulike måtar. Kva for framgangsmåte som er den mest høvelege å nytte, vil m.a. vere avhengig av det konkrete formålet med oppsettet. Det melder seg problem når tal frå ulike energibalansar blir brukte om kvarandre i energidebatten, fordi ulike prinsipp og definisjonar ligg til grunn for dei enkelte oppsetta.

Her presenterer vi to ulike energibalansar:

1. Energivare- og energibalansar (avsnitt 1.2).
2. Ressursrekneskap for energi (avsnitt 1.3).

#### 1.1.1. Problema som er knytte til måling av totalt energiforbruk

I energidebatten blir det stadig vist til tal for samla energiforbruk i Noreg. Årlege vekstratar i det totale energiforbruket går ofte inn som eit sentralt punkt i debatten. Det byr på store problem å gi eitt tal for det totale energiforbruket i eit land. For det første må alle energiberarane i energivarebalansen reknast om til same eining. Dette skapar vanskar i samband med val av vekter. Det er ikkje utan vidare klart kva for vekter som på ein tilfredsstillande måte kan vege saman, t.d. 1 kWh elektrisitet brukt til oppvarming og 1 liter bensin brukt som drivstoff i ein bil. Vidare spelar det ei rolle kva for nivå eller "snitt" i energistrømmen vi legg til grunn for utrekningane. Det går fram av figur (i) at omfanget av det totale energiforbruket vil vere avhengig av om vi måler før eller etter omformingsleddet.

Kva for vekter vi bruker for å vege saman energiberarar, og kva for "snitt" utrekningane knyter seg til, må ein ta omsyn til når ein drøftar det totale energiforbruket. Slike sentrale definisjonsproblem har kome noko i bakgrunnen i så vel internasjonale som nasjonale samanlikningar av årlege vekstratar.

I "Norges energiforsyning", ei utgreiing laga av Vidkun Hveding for Statens Energiråd, (Oslo 1969) står det om energibalansar:

"Selv om det formelt kan synes 'riktig' å føre regnskap over energien selv, og da helst målt i den fundamentale energienhet Joule, så er det likevel av meget begrenset praktisk verdi å addere sammen energifinnsatsen i så vidt forskjellige anvendelser som lys, motordrift og kjemisk prosessindustri, eller å sammenligne tapene ved brensler av vidt forskjellig karakter og pris, og i vidt forskjellige arbeidsbetingelser som f.eks. forbrenningsmotorer eller varmeinstallasjoner '...'. Det må presiseres at slike omregningstall bare representerer forsøk på så vidt det er mulig, for anskuelighetens skyld, å sammenstille energiforbruksdata som egentlig ikke er kommensurable."

Trass i desse innvendingane har SSB valt å publisere tabelloppsett (energibalansar) der dei ulike energiberarane er målte i same eining. Dette kjem av at det er stor etterspurnad etter slike taloppsett frå både internasjonale og nasjonale brukargrupper. Problem knytte til måling av det totale energiforbruket og ulike metodar for oppsettet av energibalansar er omtalte nærare i NOS Energistatistikk 1970-77.

### 1.2. Energivare- og energibalansen

Prinsippa og definisjonane for energivare- og energibalansen avvik berre på nokre få punkt frå dei som FN nyttar i sin internasjonale energistatistikk.

#### 1.2.1. Energivarebalansen

Energivarebalansen (tabellane 1 og 3) gir ei oversikt over tilgangen på og bruken av dei viktigaste varene som blir nytta til å framstille energi. Varer som blir brukte til dette formålet, kallast energiberarar.

Av kolonnane i tabellhovudet går det fram kva for energiberarar som er tekne med i energivarebalansen. Måleiningane er i samsvar med dei som vi vanlegvis bruker i primærstatistikken. Kol, koks, råolje og petroleumsprodukt er målte i tonn, naturgass og andre gassar i Sm<sup>3</sup> og elektrisk kraft og fjernvarme i kWh.

I den oversikta som følgjer gir vi ein nærare spesifikasjon av dei energiberarane som er med i energivarebalansen.

Vare i energivarebalansen	Omfattar	Vare i energivarebalansen	Omfattar
Kol	Steinkol Brunkol	Mellomdestillat	Autodiesel Marin gassolje Fyringsolje nr. 1 Marin diesel Fyringsolje nr. 2 Tungdestillat
Koks	Kolkoks Petrolkoks		
Ved, avlut, avfall etc.	Ved, sagflis, spon, bark, avlut, avfall	Tungolje	Tunge fyringsoljer
Råolje	Råolje	Gass gjord flytande	LPG (propan og butan), NGL (etan, propan og butan)
Bensin	Nafta Bilbensin Ekstraksjonsbensin Flybensin Jetbensin Båtbensin	Naturgass  Andre gassar	Naturgass  Koksomngass Jernverksgass Raffinerigass
		Elektrisitet	Fast Tilfeldig
Parafin	Jetparafin Fyringsparafin Annan parafin	Fjernvarme	Varmt vatn og damp distribuert i fjernvarmenett

Linjene i tabell 1 viser dei ulike stadia i energistraumen frå produksjon og omforming til bruk i dei ulike sektorane.

Linje 1.1 Produksjon av primære energiberarar omfattar dei energiberarane som er produserte utan råstoffinnsats av andre energiberarar. Nokre døme er kol, råolje og naturgass.

Linje 1.2 Produksjon av sekundære energiberarar omfattar produksjon av energiberarar der andre energiberarar blir brukte som vareinnsats. T.d. koks produsert av kol i koksverk, bensin, fyringsoljer etc. produserte av råolje i raffineri osv.

Linje 4 Bunkers omfattar leveransar av energiberarar frå norske hamner til skip i utanriksfart same kva nasjonalitet skipa har.

Linje 8 Omforming til andre energiberarar representerer den mengda av energiberarar som er nytta som vareinnsats for å produsere andre energiberarar. Her går m.a. innsatsen av råolje i raffineria og kolinnsatsen i koksverket inn. Resultatet frå desse prosessane går fram av linje 1.2. Tala i linje 8 må trekkjast frå Brutto innanlands tilgang i linje 6 for å komme fram til Netto innanlands sluttforbruk i linje 13.

Formålet med linje 8 er å unngå at ein del av energibærarane blir registrerte to gonger i sluttforbruket. Dersom t.d. kolforbruket i koksverket i linje 8 ikkje blei trekt frå, ville sluttforbruket av energi omfatte både dette kolet og den koksen som er produsert av kolet.

Linje 10 Energibærarar nytta som råstoff inneheld energibærarar som ikkje blir brukte til energiformål. Dette omfattar hovudsakeleg innsatsen av petroleumsprodukt i framstillinga av kjemiske råvarer. Det er ofte vanskeleg å skilje mellom råstoffforbruk og energiforbruk. Særleg gjeld dette for kol og koks. I samsvar med FN sine energibalansar reknar vi alt forbruket av kol og koks i industrien som energiforbruk.

Linje 13 Netto innanlands sluttforbruk utgjer nettopleveransane av energibærarar frå energisektoren til 'resten av landet'. Energibærarar nytta som råstoff er ikkje med, jf. linje 10.

### 1.2.2. Datagrunnlaget for energivarebalansen

Energivarebalansen er samansett av data frå ulike statistikkar. Desse statistikkane er i dag ikkje godt nok utbygde til å gi alle dei opplysningane som er nødvendige for eit fullstendig oppsett av energivarebalansen. Det er derfor gjennomført ein del overslag og utrekningar.

Produksjonstala (linje 1) for kol, koks, råolje, naturgass og petroleumsprodukt er frå NOS Industristatistikk. Produksjonstalet for ved er rekna ut på grunnlag av informasjon i NOS Skogstatistikk, NOS Industristatistikk og overslag som byggjer på Energiundersøkelsen 1983 for hushald. Talet for produksjonen av auket byggjer på Industristatistikken og informasjon frå Papirindustriens Sentralforbund. Tala for produksjonen av koksomngass og jernverksgass er stilte opp på grunnlag av oppgaver som er henta inn av SSB til Annual Bulletin of Gas Statistics for Europe. Tala for produksjonen av raffinergass er henta frå NOS Industristatistikk, og tala for produksjon av elektrisitet frå NOS Elektrisitetsstatistikk. Tala for fjernvarmeproduksjonen er henta frå fjernvarmestatistikken til SSB.

Import- og eksporttalet (linjene 2 og 3) for elektrisitet er frå NOS Elektrisitetsstatistikk. Dei andre import- og eksportoppgåvene er stilte opp på grunnlag av NOS Utenrikshandelstatistikk.

Bunkers (linje 4). Oppgåvene er henta frå Salgsstatistikken for petroleumsprodukter som SSB lagar i samarbeid med Norsk Petroleumsinstitutt.

Lagerendringane (linje 5) er hovudsakeleg frå lagerstatistikken til SSB. Lagerendringane for kol omfattar også endringar i lagra på Svalbard.

Primærkjelder for Omforming til andre energibærarar (linje 8), Forbruk i energisektoren (linje 9) og Energibærarar nytta som råstoff (linje 10) er NOS Industristatistikk, NOS Elektrisitetsstatistikk og oppgaver til den internasjonale gasstatistikken.

Svinn (linje 11) av oljeprodukt er frå Salgsstatistikken for petroleumsprodukter, svinn av gass frå gasstatistikken og tap av elektrisitet i overførings- og fordelingsnettet frå NOS Elektrisitetsstatistikk.

Forbruk av kol og koks i industrien er henta frå NOS Industristatistikk. Forbruket i jordbruk og private hushald er overslag som byggjer på opplysningar frå Forenede Kulimportører A/S, Norcem A/S og Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S. Frå og med 1983 er petrokkoks teke med i energivarebalansen.

Forbruk av ved og avlut i industrien er overslag baserte på NOS Industristatistikk, Industridepartementet si virkesundersøking for skogindustriane 1981 - 1984, og informasjon frå Papirindustriens Sentralforbund. Desse mengdoppgåvene er usikre. Vedforbruket til private hushald er overslag med utgangspunkt i Energiundersøkelsen 1983 for hushald.

Forbrukstala for petroleumsprodukt (linjene 13-19) er baserte på Salgsstatistikken for petroleumsprodukter. Fordelinga på industrigrupper (linjene 14.1-14.5) skriv seg frå NOS Industristatistikk. Linje 14.6 for mellomdestillat er restbestemt (14.6=14-14.1-14.2-14.3-14.4-14.5). Salgsstatistikken har den ulempa at den viser salet og ikkje forbruket. Den tar dermed ikkje omsyn til lagerendringar hos forbrukarane. Dessutan er inndelinga i forbrukargrupper ulik den som blir nytta i energivarebalansen. Dette gjer at forbruket av mellomdestillat i Annan industri (linje 14.6) er usikkert.

Forbruket av gass gjord flytande i industrien er henta frå NOS Industristatistikk.

Forbruket av koksomngass og jernverksgass byggjer på oppgaver som er henta inn til Annual Bulletin of Gas Statistics for Europe.

Fordelinga av elektrisitetforbruket på dei ulike hovudgruppene er frå NOS Elektrisitetsstatistikk. Denne statistikken byggjer på oppgaver sende inn frå alle elektrisitetsverka i landet. Fordi desse som regel grupperer sin eigen statistikk etter ulike tariffypar, er det ofte vanskeleg å gi eksakte oppgaver etter den grupperinga som er nytta i energivarebalansen. Forbruket av elektrisitet i industrinæringane er frå NOS Industristatistikk.

Fordelinga av fjernvarmeforbruket på industri og andre forbrukargrupper er rekna ut frå fjernvarmestatistikken.

Tala i linje 12 Statistiske feil representerer avviket mellom forbruk og tilgang av energiberarar. Årsakene til at det oppstår avvik, er mange: Feilregistreringar, omrekning frå andre måleeiningar, bruk av ulike statistiske kjelder osv. Tala for statistiske feil er rekna som linje 12=linje 6-linje 8-linje 9-linje 10-linje 11-linje 13.

Ved å bruke oppgåvene frå primærstatistikkane direkte, kan det hende at skilnaden mellom tilgang og forbruk blir stor. Ein må da analysere statistikkgrunnlaget nærare. Nokre av tala i energivarebalansen vil difor skilje seg ut frå tilsvarende oppgaver i primærstatistikken.

### 1.2.3. Energibalansen

SSB sin energibalanse er i prinsippet ein energivarebalanse der alle energiberarane er rekna i same eining. Som eining er brukt Petajoule (PJ). I energivarebalansen er det berre elektrisitet og fjernvarme som er målte i energieiningar (1 kWh=3,6·10<sup>6</sup> Joule). SSB har valt å rekne dei fossile energiberarane om til energieiningar ved hjelp av det teoretiske energiinnhaldet til energiberarane.

Oppsettet av energibalansen skil seg på visse punkt frå energivarebalansen.

I tabellhovudet er det berre éin kolonne for petroleumsprodukt. Den omfattar kolonnane for bensin, parafin, mellomdestillat, tung fyringsolje og gass gjord flytande i energivarebalansen. I tillegg har det komme ein kolonne for vassfallsenergi og ein totalkolonne. Kolonnen for vassfallsenergi er oppretta for å få med primærstadiet for elektrisitet produsert i vasskraftstasjonane (ulike måtar for handsaming av elektrisitet produsert i vasskraftverk er det gjort greie for i NOS Energistatistikk 1970 - 1977).

I forspalta er linje 1.2 Produksjon av sekundære energiberarar flytta for å unngå dobbeltteljingar i totalkolonnen på tilgangssida. Vidare er linje 14 Forbruk som nyttiggjord energi og linje 15 Energitap hos forbrukarane nye. Slike linjer finst ikkje i energivarebalansen.

Linje 7 Netto innanlands tilgang i energibalansen (snitt 1 i figur (i)) viser forbruket av energi før transformasjonsprosessane tek til. Dette målenivået omfattar produksjon av primære energiberarar justerte for import, eksport/bunkers og lagerendringar. T.d. går råolje inn i denne utrekninga. Forbruket av dei enkelte petroleumsprodukta som blir produserte av råolje, kjem først med i snitt 2 i figur (i) (for å unngå dobbeltteljingar).

Linje 13 i energibalansen viser det teoretiske energiinnhaldet i berarar som er leverte til sluttforbruk - tilført energi (jf. snitt 2 i figur (i)). Verdiane på dette målenivået har dermed ein utnyttingsgrad eller effektivitet på 100 prosent for alle energiberarane i sluttforbruket. Noko slikt er umogeleg i praksis. Det blir ikkje tatt omsyn til det tapet som i praksis oppstår når energiberarane blir nytta til å framstille varme, drive motorar etc. I eit fyringsanlegg t.d. vil ein del av det teoretiske energiinnhaldet ikkje komme forbrukaren til gode som varme, ettersom fyringsanlegget ikkje er 100 prosent effektivt.

Linje 14 i energibalansen viser energiforbruket rekna ut som nyttiggjord energi. På dette nivået blir det teke omsyn til at det i praksis ikkje er mogeleg å utnytte heile det teoretiske energiinnhaldet. For å kunne gjere gode utrekningar på dette nivået, er det strengt tatt nødvendig med regelbundne målingar av bruksverknadsgradar (forholdet mellom nyttiggjord og tilført energi) for alle energiberarar innan ulike bruksområde. Slike regelbundne detaljerte målingar er ikkje tilgjengelege. Forsøk har likevel blitt gjort - m.a. i Noreg og Sverige for å finne fram til verknadsgradar som kan gi eit visst bilete av den energien som blir nyttiggjord. Ettersom forbrukarane og bruksområda er svært ulike innan kvar forbrukargruppe i energibalansen, vil bruksverknadsgradane vere grove gjennomsnittsfaktorar (sjå vedlegg 3). Tala i energibalansen for nyttiggjord energi må dermed ikkje bli oppfatta som anna enn grove overslag. I prinsippet kan vi seie at vektene i linje 14 Forbruk som nyttiggjord energi indikerer noko om korleis energiberarane i praksis kan erstatte kvarandre hos sluttforbrukaren.

Om dei bruksverknadsgradane som ein nyttar, blir haldne konstante frå eitt år til det neste, seier ikkje endringane i tala for nyttiggjord energi noko om det har skjedd tekniske forbetringar, slik at ein kan utnytte energien meir effektivt, eller ikkje. Endringane i nyttiggjord energi frå eitt år til det neste kan da komme av:

- 1) Endringar i tilført energi (linje 13)
- 2) Endringar i brukargruppene sine delar av den tilførte energien
- 3) Endringar i samansetjinga av dei tilførte energiberarane

Ei endring i samansetjinga av energiberarane til sluttforbruk - t.d. ein auke i elektrisitetsforbruket i forhold til olje - kan føre til auke i energiforbruket målt som nyttiggjord energi sjølv om energiforbruket målt som netto innanlands sluttforbruk - tilført energi - er konstant. Dette har si årsak i at elektrisitet har større verknadsgrad i sluttforbruket enn olje.

Linje 15 Energitalet hos forbrukarane er lik differansen mellom linje 13, Netto innanlands sluttforbruk, og linje 14, Forbruk som nyttiggjord energi.

Dei bruksverknadsgradane som SSB nytta tidlegare, blei fastsette i 1974 og er blitt haldne konstante i ei årrekke. Desse tala bygde på norske og svenske undersøkingar.


Frå 1986 har vi teke i bruk nye bruksverknadsgradar for nokre energiberarar. Dei nye tala byggjer på undersøkingar og erfaringar gjorde av Kjelforeningen - Norsk Energi, Norges byggforskningsinstitutt og Norsk petroleumsinstitutt. Det er stor skilnad mellom nokre av tala frå 1974 og tala frå 1986. For nokre av energiberarane kom ein fram til mykje høgare bruksverknadsgradar i 1986 enn i 1974. Det har truleg skjedd ei utvikling i denne perioden, ein har teke i bruk nytt utstyr som utnyttar energien meir effektivt. Ein kan likevel ikkje utan vidare samanlikne dei einskildtala frå 1986 med dei frå 1974 fordi materialet som ligg til grunn for tala, er henta frå ulike kjelder.

I vedlegg 3 har vi sett opp ein tabell for bruksverknadsgradane frå 1986 og frå 1974.

Vi viser elles til Rapportar 87/9, Energisubstitusjon og virkningsgrader i MSG, der dette emnet er omtalt nærare.



FIGUR (i). SKJEMATISK FRAMSTILLING AV PRODUKSJON, OMFORMING OG FORBRUK AV ENERGI



### 1.3. Ressursrekneskap for energi

#### 1.3.1. Generelt om energirekneskap

Energirekneskapen skal gi oversikt over reservar, uttak, omforming og bruk av energiressursane. Det skal vise kor mykje energi som blir brukt innan hushald og ulike næringar, og kva for formål (varme, maskindrift osv.) energien blir brukt til. Ressursrekneskapen for energi er sett opp etter mønster av nasjonalrekneskapen. Tilsvarande oppsett blir laga også for andre ressursar slik som skog, fisk osv. (se Ressursregnskap, Statistiske analyser nr. 46).

Det har vore eit mål å knyte energirekneskapen saman med nasjonalrekneskapen og dermed til dei økonomiske modellane som blir nytta i tilknytning til dette (MODIS og MSG). Desse modellane gjer det mogeleg å bruke energirekneskapen som utgangspunkt for ulike slag analysar. Vi kan her nemne overslag over energifinnhaldet i varer og tenester (indirekte energi) og framskrivingar av energibruk i samsvar med tilsvarande framskrivingar av den økonomiske utviklinga.

Energirekneskapen og energibalansen (sjå avsnitt 1.2), dekkjer same saksområde. Oppsettet og omfanget er likevel noko ulikt. Vi har gjort nærare greie for dei viktigaste skilnadene i avsnitt 1.4.

Figur (ii) viser skjematisk oppbygginga av energirekneskapen.

#### 1.3.2. Reservar

Energirekneskapen startar med ei oversikt over reservane (tabellane 7 og 8). For vasskraft, ved, kol, råolje og naturgass har vi teke med:

- a) Kjende reservar som er drivverdige
- b) Den delen av dei enkelte førekomstane som kan vinnast ut.

Reservane er gitt opp som forventningsrette overslag (gir kva vi kan vente å finne i middel). Vasskraft og ved er ressursar som fornyar seg frå år til år, og reservane er her gitt opp som årlege middeltal (for vasskraft midtlare årsproduksjon og for ved tilvekst).

Vi har skilt mellom ikkje-utbygde og utbygde reservar. Utbygde reservar er reservar i gruver/ oljefelt med permanent produksjon og reservar av utbygd vasskraft.

#### 1.3.3. Uttak, omforming og bruk av energivarer


Rekneskapen følgjer energivarane frå dei næringane som vinn dei ut gjennom dei næringane som formar dei om til bruk i andre næringar og hushald (tabellane 7, 8 og 9). Sektorinndelinga følgjer stort sett Standard for næringsgruppering. Unntaket er at koksverk er skilde ut som eigen sektor. Sektorane er delte i energisektorar og andre sektorar.

Energisektorane er dei næringane som hovudsakleg vinn ut eller formar om energivarer. Energi-varene blir vunne ut i kolgruvane på Svalbard, på oljefelta i Nordsjøen og i vasskraftstasjonane. Dei næringane som vinn ut energivarer frå naturen, blir kalla uttakssektorar:

Uttakssektorar	{	Bryting av kol (Svalbard) Utvinning av råolje og naturgass Vasskraftverk
----------------	---	--

Desse næringane bruker òg energi. I kraftstasjonane blir t.d. elektrisitet brukt til oppvarming og lys. Nettuttaket av energivarer er lik uttaket når den energien som går med i uttakssektorane er trekt frå.

FIGUR (ii). MODELL FOR RESSURSREKNESKAP FOR ENERGI *MODEL FOR THE ENERGY ACCOUNTS*



Ein del av energivarene blir eksportert. Dette gjeld mellom anna storparten av produksjonen i Nordsjøen. For å dekkje det innanlandske forbruket av oljeprodukt, nyttar vi eigenprodusert eller importert råolje som vi raffinerer, og dels importerte produkt som alt er raffinerte.

Nokre næringar kjøper oljeprodukt direkte i utlandet. Dette gjeld særleg utanriks sjøfart, som både kjøper og nyttar mesteparten av drivstoffet sitt ute. Desse kjøpa kjem i tillegg til importen av energivarer når den norske tilgangen av energi skal setjast opp. På tilsvarende måte må vi trekkje frå dei energivarene som utlendingar kjøper direkte i Noreg. Dette dreier seg om mindre mengder oljeprodukt til utanlandske fly, bilar og båtar. Den norske primærttilgangen av energivarer er lik nettouttaket med tillegg for import og norske kjøp ute, og frådrag for eksport og utanlandske kjøp i Noreg. Tilgangen er også justert for lagerendringar.

Nokre av energivarene blir omforma før dei blir brukte. Dette gjeld særleg råolje som blir raffinert til ulike oljeprodukt i oljeraffineri, og kol som for ein del blir omforma til koks i koksverket. Næringane som omformar energivarene blir kalla omformingssektorar:

Omformingssektorar	{	Koksverk Oljeraffineri Varmekraftverk Fjernvarmeverk Kraftvarmeverk
--------------------	---	---

Varmekraftverk, fjernvarmeverk og kraftvarmeverk har lite å seie for energiforsyninga i Noreg. Bruk utanom energisektorane er summen av det som andre næringar og hushald bruker av energivarer. Bruken av energi er som regel registrert hos brukarane, og talet stemmer ikkje alltid med tilgangen av energivarer. Avvik som ikkje har si årsak i tap eller svinn, kjem ut som statistiske feil.

Tabellar som viser energibruk etter formål (formålsrekneskap) er lagde fram i Statistiske analyser nr. 46.

#### 1.3.4. Vareinndeling

Rekneskapen følgjer dei enkelte energivarene frå reservar til bruk i produksjonssektorar og hushald. Energivarene er grupperte som for energivarebalansen med nokre få unntak. Naturgass er i energirekneskapen gruppert som gass saman med raffinerigass og koksomngass. Jernverksgass er ikkje med som eiga vare i rekneskapen.

#### 1.3.5. Datagrunnlag

Reservetala kjem stort sett direkte frå Noregs vassdrags- og energiverk (vasskraft), Oljedirektoratet (råolje og naturgass), Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S (kol) og Norsk institutt for skogforskning (trevirke). Kolreservane er etter 1. januar 1979 rekna ut av Norges geologiske undersøking i eit eige prosjekt, sjå G. Gammeltvedt og R. Sinding-Larsen (1979)<sup>1</sup>.

Resten av rekneskapen byggjer på Statistisk sentralbyrå sin eigen statistikk: Salgsstatistikken for petroleumsprodukter, elektrisitetsstatistikken, statistikk for utanrikshandelen, lagerstatistikk og industristatistikken. I tillegg kjem data om energibruk samla inn i tilknytning til annan statistikk eller i spesielle undersøkingar. Slike data har gitt tal for energibruk innan jordbruk, fiske, sjøfart og tenesteytande næringar.

Tala i energirekneskapen for bruk av energivarer kan også skilje seg ut frå tal som er publiserte i annan energistatistikk. Tala for bruk av oljeprodukt vil t.d. skilje seg frå salstala i petroleumsstatistikken ved lagerendringar hos forbrukarane.

Tala for industrien stammar frå industristatistikken. Når vi bruker denne statistikken er det mogleg å fordele energibruken på detaljerte næringar, men tala for hovudgruppene innan industrien vil ikkje stemme heilt overens med tilsvarende tal frå elektrisitets- eller petroleumsstatistikken.

<sup>1</sup> Gammeltvedt, G. og Sinding-Larsen, R. (1979): "Vurdering av reserveanslag for kull og malmer 1979". Prosjektrapport desember 1979.

#### 1.4. Skilnader mellom energirekneskapen og energibalansen

Formålet med energirekneskapen og energibalansen er noko forskjellig. Energirekneskapen blir knytta saman med nasjonalrekneskapen og er dermed tenleg for ulike typar analysar i tilknytning til dei økonomiske analysemodellane MODIS og MSG. Energibalansen er sett opp i samsvar med andre internasjonale prinsipp og tilrådingar på området. Tal frå balansen blir rapporterte til internasjonale organisasjonar som OECD og FN. Energibalansen vil difor vanlegvis kunne jamførast med internasjonal statistikk på området.

Utan om at energirekneskapen og -balansen blir sette opp på ulik måte, er dei viktigaste prinsipielle skilnadene følgjande:

- I energirekneskapen blir energivarene fordelte både på næringer og på formål. I hovudtabellane er energivarene fordelte på næringer (etter Standard for næringsgruppering) og hushald. Formålsrekneskapen fordeler energien på råstoff, transport, maskindrift, varme mv. (sjå Statistiske analyser nr. 46). Energibalansen skil ut energivarer, som blir brukte til transportformål som egne postar (linje 15 i energivarebalansen). Vidare blir dei energivarene som blir nytta som råstoff (linje 10) skilde ut. Resten av energien blir fordelt på næringer.
- Energirekneskapen skal i prinsippet ha med all energi som blir brukt i norske næringer og hushald, sjølv om energien blir kjøpt og brukt i utlandet (t.d. energibruken i utanriks sjøfart). Energibalansen skal berre ha med energivarer omsette i Noreg. I praksis er det berre energibruken i utanriks sjøfart og luftfart som gir avvik på dette punktet.

Figur (iii) viser strukturen i energibalansen og energirekneskapen og kan vere til hjelp ved samanlikning av dei to måtane å sette dei opp på.



## 1. ENERGY - TOTAL SURVEY

The tables in this section bring together, in the form of summary balances, the total supplies and uses of all forms of energy. In the balance sheet of individual forms of energy, the different forms of energy are measured in units usually applied in the primary statistics. In the overall energy balances, Petajoule is used as the common unit. The Bureau also presents another type of energy statistics: the energy accounts, tables 5-9.

1.1. The balance sheet of individual forms of energy

The balance sheet is presented in a tabular form with columns for the various types of energy sources and rows for the different origins and uses.

The headings in the columns describe the different forms of energy sources.

The following survey gives a further specification of the energy sources in the balance sheet of individual forms of energy.

Energy source in the balance sheet of in- dividual forms of energy	Coverage	Energy source in the balance sheet of in- dividual forms of energy	Coverage
Coal	Anthracite Brown coal	Medium distillates	Auto diesel Marine gas oil Fuel oil no. 1 Marine diesel
Coke	Coal coke Petrol coke		Fuel oil no. 2 Special distillates
Fuelwood, black liquor, garbage etc.	Fuelwood, sawdust, shavings, bark, black liquor, garbage	Heavy fuel oil	Heavy fuel oil
Crude oil	Crude oil	Liquefied gas	Liquefied petroleum gas (LPG) Natural gas liquids (NGL)
Gasoline	Naphtha Motor gasoline Industrial spirit Aviation gasoline Gasoline type jet fuel	Natural gas Other gases	Natural gas Coke oven gas Blast furnace gas Refinery fuel
Kerosene	Kerosene Kerosene type jet fuel Other kerosene	Electricity  District heating	Firm power Occasional power  Hot water and steam distributed in district heating network

The rows in the tables show the different levels in the energy stream from production via conversion to final use in different sectors, the following being the most important:

Row 1.1. "Production of primary energy sources" shows those energy sources that are produced without input of other energy sources as raw material. Examples: Coal, fuelwood, crude oil and natural gas.

Row 1.2. "Production of derived energy sources" shows production of energy sources where other energy sources serve as raw material input. Examples: Coke produced with input of coal in coke ovens; motor spirits, fuel oils etc. produced with input of crude oil in the refineries etc.

Row 4 "Bunkering" shows the deliveries of energy sources from Norwegian harbours to ships in international shipping regardless of their nationality.

Row 8 "Energy converted" shows the raw material input of energy sources in the production of derived energy sources. Included are a.o. the input of crude oil in the refineries and coal in the coke ovens. The output of these processes is shown in row 1.2. The figures in row 8 must be deducted from row 6 "Gross inland availabilities" to avoid double countings in row 13 "Net inland consumption".

Row 10 "Consumption for non-energy purposes" contains mainly the input of petroleum products for non-energy purposes in the chemical industry. According to the definition used in the energy balances of the United Nations, all consumption of coal and coke within the manufacturing industries is considered as energy consumption.

Row 13 "Net inland consumption" contains the net deliveries of energy sources from the energy sector to "the rest of the country". Consumption for non-energy purposes is not included, cfr. row 10.

The balance sheet is completed with data from various sources. Today these statistics are not well enough developed to give all the information necessary for a complete survey. Some estimates and residual calculations have been done to make the balance sheet as complete as possible.

Using data from various sources directly in the balance sheet would sometimes result in large statistical differences (row 12). To avoid this the primary statistics have been studied more closely. Some figures in the balance sheet are therefore different from those previously published.

## 1.2. The overall energy balance

In the balance sheet of individual forms of energy only electricity and district heating are measured in energy units (1 kWh =  $3.6 \cdot 10^6$  Joule). The other energy sources are measured in different weight or volume units (for instance metric tons and m<sup>3</sup>).

The Central Bureau of Statistics has chosen to convert the fossil energy sources to energy units by using the estimated thermal content (see annex 2). The common unit used is Petajoule (=10<sup>15</sup> Joule).

The changes in the columns and rows compared to the balance sheet of individual forms of energy are as follows:

- There is only one column for petroleum products. It contains gasoline, kerosene, medium distillates, heavy fuel oil and liquefied gas.
- There is only one column for gases. It contains natural gas and other gases.
- There is a new column for waterfall energy. This column is necessary to calculate the primary level of electricity produced in hydro power stations.
- There is a "total" column.
- Row 1.2. "Production of derived energy sources" has been moved to avoid double countings.
- Row 14. "Calculated energy consumption" is new.
- Row 15. "Energy losses in final consumption" is new. It equals row 13 minus row 14.

Total energy consumption can be measured in (at least) three "levels" of the energy stream:

1. Level: Row 7 "Net inland availabilities". This level shows the energy consumption prior to conversion. Problems are connected to estimation of the primary stage of electricity produced in hydro power stations. Several methods in use are described in NOS Energy Statistics 1970 - 1977 (Oslo, 1978).

2. Level: Row 13 "Thermal content of energy delivered to final consumers".

3. Level: Row 14 "Calculated energy consumption". On this level it is taken into account that only a part of the thermal content of energy delivered to final consumers can be taken out as useful energy. To make good calculations on this level would necessitate regular measurements of thermal efficiency rates for all energy sources in different end-uses. Such regular, detailed measurements are



not available. Some research programmes have, however, been made - both in Norway and Sweden - to give some indications (see annex 3). The figures in row 14 (and 15) must be considered only as estimates.

### 1.3. The energy accounts

Figure (ii) schematically illustrates the energy accounting system. The model shows how the energy goods are followed from extraction through conversion to use in different industries and households. The accounts also include surveys on energy end use and estimations of the indirect energy flows (energy cost)<sup>1</sup>.

#### 1.3.1. Energy reserves

The reserves or stock accounts show the reserves of coal, crude oil, natural gas, fuelwood and hydro power. The reserves are being defined as known, recoverable and economic reserves, and the quantities are given as unbiased estimates. Hydro power and fuelwood are renewable resources, and the reserves are accordingly given as annual average numbers (respectively mean annual production potential and annual growth of wood suitable for energy purposes).

Each energy source has two kinds of reserve accounts:

- Account for undeveloped reserves.
- Account for developed reserves.

Developed reserves are reserves in mines or oil fields with permanent production and reserves of developed hydro power.

#### 1.3.2. Extraction, conversion and use of energy goods

The accounts keep track of the energy goods from the industries where they are extracted (extraction sectors), through the industries where they are converted (conversion sectors), ending up in other industries or to private consumers. The sector division being used is mainly in accordance with the division in the national accounts (SNA).

Some industries buy oil products directly abroad. This particularly concerns ocean transport, buying and using most of its fuel abroad. These purchases have to be added to the imports of energy goods to set up the total supply of energy to Norwegian industries. In the same way we have to subtract foreign purchases in Norway.

Coal and coke, petroleum products and electricity are distributed by a large number of sectors (about 140 in the background material). The sector division is in accordance with the International Standard for Industrial Classification (ISIC). In addition the energy use is distributed by end use categories (feedstocks, transport, machinery, heat etc.), but this is only done on a more aggregated sector level.

### 1.4. Energy accounts and energy balances

Tables showing supply and use of energy can be set up in several ways. Most people working with statistics are familiar with the energy balance being presented in many countries. The major differences between the Norwegian energy accounts and the Norwegian energy balance are:

<sup>1</sup> See Statistical Analyses, no. 46, Oslo 1981.

1) The energy balance shows energy used for feedstocks as energy used for "non-energy" purposes. Transport purposes are dealt with as own sectors. Energy for other purposes is distributed by industry. In the energy accounts the energy is distributed both by industry and purpose. The main tables show energy goods by industry (according to ISIC), while the additional purpose accounts distribute the energy by end use categories (feedstocks, transport, machinery, heat etc.). The distribution of energy by industry is necessary to connect the resource accounts and the national accounts. For this reason the number of sectors is much higher in the energy accounts than in the energy balance.

2) The energy accounts include, contrary to the balance, all energy being consumed by Norwegian industries and households, even if the energy is bought and used abroad. In practice this only affects ocean transport.

Figure (iii) shows the structure of the overall energy balance and the energy accounts.

Tabell 1. Energivarebalanse<sup>1</sup> for Noreg. 1986

	Kol Coal	Koks Coke	Ved, avlut, avfall etc.			Bensin Gasoline	Para- fin Kero- sene	Mellom- destil- lat Medium distil- lates
